
Fra: Martin Kulild
Sendt: fredag 13. juli 2018 15.27
Til: Grete.Kathrine.Jacobsen@hfk.no; postmottak@hfk.no
Kopi: Haga, Arngunna; Cathrine Gangstø; John Fredrik Wallace; Postmottak Meland
Emne: HNH søknad

Synar til e-post frå deg den 12.7.18 og telefonsamtale i dag. 13.07.18

Meland kommune var klare til å starte hovudprosjektet frå august 2018, men venta på endeleg tilsegn/klarsignal frå fylkeskommunen.

Vi har i lengre tid vore i dialog og utvikla søknaden i tråd med dei føringar og oppmodingar vi har fått frå dykk og oppfatta tidlegare i sumar at vi nå var kome i mål. Når det no vert initiert nye møte, med nye krav og forventingar til søknaden, er det naturleg for meg å vurdere samarbeidet om kommunens ressursbruk, opp mot forventa resultat av dette. I staden for nytt møte bed eg om at vi får snarleg attendemelding med opplysning om kva som manglar eller skal endrast, for at søknaden kan støttast. Baser på dette vil eg konkludere korleis vegen vidare vert for dette arbeidet.

Vi har store forventningar knytt til oss sjølve og har tatt på alvor oppmodingar frå KS og IMDi om at kommunane må utfordre seg sjølv til å finne gode, lokale løysingar og tenkje utanfor boksen. Vi har opplevd at vi har hatt eit godt samarbeid med HFK i arbeidet med å utarbeide alternative vegar i introduksjonsordninga. I tillegg har vi fleire samarbeidspartnarar som venter framdrift og har fristilt ressursar til å delta i samarbeid med oss i dette prosjektet. Meland kommune ynskjer å vere føreseielege samarbeidspartnarar og vil derfor varsle våre samarbeidspartnarar snarast råd er om ny forventa framdrift og mogeleg oppstart, alternativt konklusjon om avslutning av samarbeidet. Dette for å sikre at vi nyttar våre avgrensa ressursar best mogeleg.

Minner i denne samanhengen om vår annonserte Kick Off (27.08) samling i veke 35 med mellom anna den danske språkforskar Michael Pedersen, vaksenopplæringa i Lindås kommune og Åsane VGS

Eg har sjølv sagt forståing for fylkeskommunen sine rutinar og trong for grundig sakshandsaming, men i denne konkrete saka synest eg at fylkeskommunen må ha tilstrekkeleg informasjon og kunnskap til å gjere ei god vurdering. Vi har hatt jamlege møter med HFK i heile prosessen og seinast fredag 06.07 hadde vi to telefonmøter der det vart gjeve forventningar om snarlig og positiv tilbakemelding.

Vonar vi kan finne ei god løysning for ei forsert framdrift.

Med venleg helsing og ynskje om ei god summer

Martin W. Kulild
rådmann
Meland kommune
Tlf: 56171030/mobil: 464 14 800
E-post: martin.kulild@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)

